



## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/710-1

Sakshandsamar: Tone Lunde Skaalen

### Saksgang

| Utval                                             | Møtedato | Saksnummer |
|---------------------------------------------------|----------|------------|
| Oppvekst, kultur og idretts utval<br>Kommunestyre |          |            |

## Oppvekstplan 2025 til 2032

Saksframlegg godkjent .

### Vedlegg

- 1 Oppvekstplan generell del
- 2 Oppvekstplan- lokal plan

### Bakgrunn for saka

Oppvekstplanen er eit overordna plandokument som skal sikre oppfølging av oppvekstrelaterte mål og strategier i kommuneplanen.

Barnevernsreforma, også kala oppvekstreformen, trådte i kraft 1. januar 2022 og set søkjelys på det heilhetlige tilbodet kommunene skal gje til barn og unge.

Måla med reforma er at kommunen skal styrke arbeidet med førebygging, tidleg innsats og samhandling. Hjelpa skal også bli betre tilpassa barn og familiars behov. Måla med reforma kan berre bli nådd gjennom endringar i heile oppvekstsektoren, og reforma blir beskriven som ei oppvekstreform.

Oppvekstplanen er ein plan for korleis Tokke kommune skal tilrettelegge for at barn og unge skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø

Tokke har delteke i partnerskap for inkludering og ung deltaking med KS og Vestfold og Telemark fylkeskommune i perioden 2022 til 2024. I dette prosjektet fekk kvar kommune ein dag med KS – konsulent i høve arbeid og rettleiing kring eit relevant tema. Dei seks kommunane i Vest – Telemark gjekk saman for å jobbe med eit felles tema, der me totalt fekk seks dagar med KS – konsulent. Denne ressursen har vi

brukt til å utarbeide eit overordna dokument som gjeld i alle dei seks kommunane i Vest-Telemark; Vegen mot livsmeistring! Oppvekstplan for Vest-Telemark.

Kommunane i Vest-Telemark har felles interkommunale tenester, som barnevern, PPT og NAV. Det har difor vore naturleg å samarbeide om å utvikle ein felles plan for det førebyggjande arbeidet.

### Lovgrunnlag

Lov om barnevern § 3.1

#### *§ 3-1. Kommunens og barneverntjenestens forebyggende virksomhet*

*«Kommunen skal fremme gode oppvekstsvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsvansker. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier.*

*Kommunestyret selv skal vedta en plan for kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er målene for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen, og hvordan etatene skal samarbeide»*

### **Saksutgreiing**

Arbeidet starta hausten 2022, der det vart etablert ei arbeidsgruppe som bestod av kommunalsjefane i dei seks kommunane. I tillegg deltok leiarar frå NAV, PPT og barnevern.

I november 2022 var det ei felles samling for alle kommunane der aktuelle deltakarar i oppvekstreforma var invitert. Det var også ungdomar med. Målet med dagen var å skape felles forståing for oppdraget og legge til rette for vidare arbeid med planen. Kommunalsjefane saman med leiarar i støttetenestene har hatt hovudansvaret for å utvikle planen, og det har vore månadlege møte for å drøfte form og innhald.

I tillegg hadde kvar kommune ein referansegruppe som bestod av representantar frå FAU, helse, ungdomsråd, tilsette, kultur og SLT.

Den overordna planen for heile Vest-Telemark blei ferdigstilt i 2024.

I tillegg til den overordna planen skal kvar kommune ha ein lokal del som skildrar tverrfagleg samarbeid, kva me lykkast med og kva me må ha meir fokus på. Planen viser også til tiltak for vidare arbeid, der «Foreldretrappa» er eit av tiltaka. Foreldretrappa er møte mellom tilsette/fagpersonar og føresette, der ein legg til rette for gode dialogar, samt dele informasjon, kunnskap og erfaringar.

Den lokale planen er laga i leiargruppa oppvekst og i samarbeid med helse og SLT - koordinator. Tilsette, ungdomsråd, elevråd og FAU har fått moglegheit til å kome med innspel til planen.

## **Vurdering**

Målet med oppvekstplanen er å sikre at barn og unge skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø. Godt tverrfagleg samarbeid med gode dialogar, rutinar og faste møtearenaer, sikrar at ein i større grad klarar å lykkast både i det førebyggjande arbeidet og mot dei som treng konkret oppfølging.

## **Konklusjon**

Oppvekstplanen, og særskild den lokale delen, vil vere eit godt arbeidsredskap i det førebyggjande og utøvande arbeidet kring barn og unge.

Mange av tiltaka i oppvekstplanen er sett i verk. Planen er å starte med «Foreldretrappa» frå haust 2025.

## **Kommunedirektørens tilråding**

Tokke kommunestyret tek overordna oppvekstplan og lokal del til orientering.